

KORFOR FEKK VI NASJONALBUDSJETTET?

Av Petter Jakob Bjerve*

Ei samanlikning av britiske analysar av krigs- og etterkrigsproblem med programdokument for Arbeidarpartiet frå 1944–1945 og dei to første nasjonalbudsjetta, tyder på at framskrivingane i nasjonalbudsjettet for 1946 og 1946–50 hadde britiske førebilete, men formålet var ulikt. Innhaldet i og formålet med nasjonalbudsjettet for 1947 likna på fleire måtar på ei parlamentarisk melding frå den britiske statsministeren frå februar 1947, men det andre norske nasjonalbudsjettet vart utforma uavhengig av den britiske meldinga. Det var både faglege og politiske grunnar til at stortingsmeldinga om dette budsjettet fekk eit mye meir detaljert innhald enn den britiske. Elles kan både ideen til og namnet på nasjonalbudsjettet ha hatt britiske opphav, men begge "låg i lufta" då dei vart unnfanga.

Innleiing

I ei melding av boka Økonomisk planlegging og politikk, i Sosialøkonomen nr. 10 1990, gjev professor Preben Munthe to svar på dette spørsmålet. Om ideen til nasjonalbudsjettet, meiner han at Brofoss "har hentet inspirasjon og forbilde fra de nasjonalregnskapstabeller som den britiske regjering utarbeidet hvert år siden 1941 i tilknytning til statsbudsjettet. Brofoss, som arbeidet i London fra 1942 til krigens slutt, må ha kjent vel til det årlige britiske dokument". Om den politiske bakgrunnen for nasjonalbudsjettet er svaret: "Det er nærliggende å anta at de toneangivende politikere mente at førkrigstidens økonomiske stortingsdokumenter – først og fremst statsbudsjettet – var utilstrekkelige Men den viktigste årsak var nok at de mente at vi skulle ha et nytt økonomisk system – en planøkonomi med flere mål og flere virkemidler enn vi hadde i 1930-årene."

* Takk til Odd Aukrust og Preben Munthe for gode råd

Munthe seier seg lei for at boka ikkje går nærare inn på dette "opphavs-spørsmålet" og oppmodar meg om å "skrive vidare". Dette er i det følgjande gjort ved først å omtale britiske analysar av krigs- og etterkrigsproblem og britisk planlegging for etterkrigstida, som under krigen kan ha inspirert Brofoss og andre nordmenn i utlandet. Vidare er det dokumentert framlegg om makroøkonomisk planlegging, mellom anna om nasjonalbudsjett, som vart gjort under arbeidet med etterkrigsprogram for Arbeidarpartiet. Deretter er dei to første nasjonalbudsjetta skissert. På dette grunnlaget er det til slutt vurdert i kva grad desse to budsjetta kan ha hatt britisk opphav og vore varsel om eit nytt verkemiddelsystem.

1. Analysar og planlegging i Storbritannia

Problem under krigen

I november 1939 reiste J.M. Keynes spørsmålet om korleis ein kunne vinne krigen utan inflasjon, som han drøfta i tre artiklar i *The Times* under tittelen "How to Pay for the War." Han hevda mellom anna at det kravde auka skattlegging for å minske, for ikkje seie eliminere det etterspurnadsoverskottet eller inflasjonsgapet som elles ville oppstå. For å illustrere kor stor skatteauke som trongs, nytta han eit slags nasjonalbudsjett (Keynes 1940, s. 13–19) ved å framskrive hovudpostane i ein nasjonalrekneskap for Storbritannia, som Colin Clark hadde utarbeidd (Clark 1937).

Denne analysemåten slo igjennom i dei dokumenta som finansminister Sir Kingsley Wood la fram for parlamentet i samband med finanstalen den 1. april 1941, og særmerkte ein serie med økonomiske utsyn (economic surveys) som seinare vart utarbeidd for å klårleggje økonomiske problem. Desse dokumenta gav mellom anna ei systematisk framstilling av fundamentale problem som krigsfinansieringa skulle løyse (Sayers s. 58). Midla var 1) pristilskott for så langt råd å hindre ein kostnadsinflasjon og 2) auka skattlegging for å minimalisere risikoen for etterspurnadsinflasjon.

Finanstalen gav eit omfattande oversyn over britisk økonomi, og bygde mellom anna på ein nasjonalrekneskap som regjeringa nyleg hadde offentliggjort. (Det skulle gå fem år før ein tilsvarende finanstale vart halden i det norske stortinget.) Frå og med 1941 vart det utarbeidd ei årleg parlamentarisk melding om nasjonalrekneskapen.

Budsjettdokumentata og finanstalen representerte både eit teoretisk framsteg og ei godtaking av det statistiske grunnlaget for talfesting av inflasjonsgapet. Frå sosialøkonomisk synsstad var dette epokegjerrande.

Tal frå nasjonalrekneskapen særmerkte dei økonomiske utsyna som vart utarbeidde i den økonomiske seksjonen av statsministerens kontor. Innhaldet i desse vart avgrensa til analysar av einsskilde viktige utviklingstendensar og til retningsliner for politikk i samband med desse. Det vart ikkje teke med prognosar over samla etterspurnad og tilbod, og dermed av inflasjonsgapet. Slike prognosar vart frå tid til tid laga, men under krigen fann samlingsregjeringa ikkje at dei var verd offentleggjering.

Det første utsynet gjaldt stoda på arbeidsmarknaden og det andre utviklinga i konsumet. Begge tok sikte på å kaste lys over grensa for mobilisering av ressursar for krigsformål. I alt vart det laga sju slike utsyn. Det siste var meint å kaste lys over stoda då ei regjering av Arbeidarpartiet vart dana i juli 1945. Her vart inflasjonsgapet i tida framover analysert, men dei viktigaste konklusjonane gjaldt kol- og betalingsbalanseksjonane.

Etterkrigsproblem

Frå 1941 av vart det i den økonomiske seksjonen òg arbeidd ein god del med etterkrigsproblem (Cairncross og Watts s. 70). Ein av dei som nytta mye av tida si til dette, var James Meade som i 1940–41 saman med Richard Stone, hadde bygd opp den offisielle nasjonalrekneskapen for Storbritannia (begge fekk seinare Nobelpris).

Om sysselsettingsproblemet i etterkrigstida offentleggjorde samlingsregjeringa i mai 1944 ei parlamentarisk melding (Minister of Reconstruction 1944). Her vart mellom anna metodar til å halde oppe samla etterspurnad drøfta, særskilt for "capital expenditure", "consumption expenditure", og "central finance". Deretter vart det i eit sluttavsnitt skissert fleire tiltak som regjeringa ville setje i verk for å "utvide statskontrollen over sysselsettinga".

For det første skulle det bli skipa ein liten, men varig sentral stab kvalifisert til å måle og analysere økonomiske utviklingstendensar og leggje vurderingar om det fram for vedkomande statsråd. Særleg i dei første åra ville denne staben ha eit "tungt ansvar" for å stille snøgge og nøyaktige diagnosar som sysselsettingspolitikken ville vere avhengig av.

For det andre ville ein snøggare og meir fullstendig konjunkturstatistikk vere livsviktig. Det vart lista opp fem slag statistikk som ein sysselsettingspolitikk ville krevje i tillegg til den som låg føre.

For det tredje skulle den årlege meldinga om nasjonalrekneskapan bli utvidd til ein mye meir fullstendig analyse enn før av dei ymse utgiftskomponentane, og parallelt med dette skulle stoda på arbeidsmarknaden bli studert. Formuleringane her tyder på at både eit nasjonalbudsjett og eit arbeidskraftbudsjett skulle utarbeidast. Det heiter at "The correlation of these complementary budgets – for total expenditure and for manpower – will thus play a vital part in the formulation of Governmental policy for the maintenance of employment".

For det fjerde skulle parlamentet bli oppfordra til å samarbeide med regjeringa om å leggje opp og gje samtykke til den ålmenne strategien for å halde sysselsettinga oppe. Finansordskiftet ville gje parlamentet det årlege høvet til å drøfte den finansielle og økonomiske stoda for landet som eit heile og vurdere utsynet for det komande året. Men skulle sysselsettingspolitikken kunne lykkast, måtte regjeringa ta dei rette avgjerdene og det snøgg. Rådgjerdar for å auke etterspurnaden når ein konjunktur nedgang var i emning, ville nok vere velkomne, men tilstrammingstiltak under ein høgkonjunktur kunne bli møtt med motstand såfram det ikkje vart synt at dette var "prisen som måtte betalast for at politikken skulle lykkast på lengre sikt". Dette var ikkje berre framsynt, men gav uttrykk for eit nytt offisielt syn på sysselsettingspolitikken.

To år tidlegare vart eit slikt syn møtt med sterk motstand frå den høgste embetsmannen i Finansdepartementet. Han hevda mellom anna at det ville vere ytterst farleg å nytte budsjettunderskott som middel mot arbeidsløyse, og budsjettoverskott for å minske etterspurnaden under høg sysselsetting (Cairncross og Watts s. 87). Men i 1944 kunne James Meade byrje å "forelese" om motkonjunkturpolitikk for denne embetsmannen, som frå slutten av året nytta Meade som rådgjevar i budsjettspørsmål. Likevel gjekk styringskomiteen av departementsrådar så seint som i 1946 imot å drive motkonjunkturpolitikk (ibid s.120).

Planlegging for etterkrigstida

Frå hausten 1945 vart Meade sjef for den økonomiske seksjonen. Han var meir enn nokon annan talsmann for styring av den totale etterspurnaden.

Men ennå tok det tid før synet hans slo igjennom hos statsrådene og dei øvste embetsmennene (ibid s. 130 og 140).

I dei snau to åra då Meade var sjef, vart det utarbeidd tre økonomiske utsyn. Framstillinga i dei to første bygde på prognosar for hovudpostane i nasjonalrekneskapen og for sysselsettinga, og inflasjonsgapet vart talfesta i begge prognosane, altså både i pengar og arbeidskraft. Desse utsyna tok sikte på å syne regjeringsmedlemene dei viktigaste val dei hadde i freistnadene på å lukke gapet og vart ikkje offentleggjorde. Hovudformålet var å kaste lys over dei økonomiske styringsproblema landet stod framfor, og få regjeringsmedlemene til å bli merksame på dei.

Det tredje utsynet vart offentleggjort i februar 1947 (Prime Minister 1947). Formålet med det var ikkje lenger å syne inflasjonsgapet, som snau vart nemnt, men å talfeste program for makroøkonomisk politikk, der målet var best mogleg utnytting av ressursane. Jamvel om dette utsynet berre var på 36 sider, bygde det på langt meir omfattande interne overslag, som ikkje vart offentleggjorde, og om programformuleringane var varsame, kunne ein lese seg til meir "mellom linene", som Meade uttrykte det i ein samtale med forfattaren i september 1946 (Bjerve 1989, s. 171).

I mars 1947 utnemnde regjeringa Sir Edwin Plowden til planleggingsjef (Chief Planning Officer), og han fekk eit sekretariat (Central Economic Planning Staff) som skulle hjelpe han med å samordne den økonomiske politikken. Plowden samarbeidde nært med Robert Hall, som var sjef for den økonomiske seksjonen i 15 år (i 1953 vart seksjonen ført over til Finansdepartementet).

Under krigen gav òg einskildpersonar ut skrifter om økonomisk politikk og planlegging. Størst publisitet fekk Full Employment in a Free Society, av Sir William Beveridge. Denne boka, som kom ut i 1944, vart nok studert av mange nordmenn utanfor Norge, før ho vart tilgjengeleg her heime. Manuskriptet vart sendt til trykkeriet få dagar før offentleggjer- inga av den parlamentariske meldinga om sysselsettingspolitikken i 1944. Forfattaren fann denne meldinga så viktig at han føydde til eit etterskrift "recording briefly the salient points in the White Paper and comparing its approach to the problem with my own approach" (Beveridge s. 259). I dette skriftet vart opplegget i meldinga karakterisert som konjunktur- jamning (anti cycle policy) og ikkje som ein politikk for full sysselsetting, som Beveridge gjekk inn for.

Mellom midla til å nå målet full sysselsetting nemnde Beveridge "a long-term programme of planned outlay" og "A National Budget based on the datum of manpower and designed to ensure year by year total outlay sufficient to set up demand for the whole productive resources of the country" (ibid s. 272 og 273). I sjølve boka nytta han namnet årleg økonomisk budsjett om det han i etterskriftet kalla nasjonalbudsjett. Metoden skulle, i norsk terminologi, gå ut på å 1) talfeste tilgangen på ressursar ved full sysselsetting, 2) laga prognosar for privat og offentleg etterspurnad etter desse ressursane ved uendra politikk og 3) syne differansen mellom 1) og 2), som om to-tre år etter krigen ville bli positiv, dvs. syne eit etterspurnadsunderskott. Dette deflasjonsgapet skulle så elimineraast ved ekspansive endringar i politikken (ibid s. 30 og 31).

Beveridge tok med dette eit godt steg vidare frå opplegget i sysselsettingsmeldinga bortimot regjeringsopplegget i 1947-utsynet. Men boka hans gav sjølvsagt ikkje noko offentleg program. Det gjorde heller ikkje eit arbeidskraftbudsjett for 1950 som Tibor Barna laga under krigen (Bjerve 1989, s. 171).

2. Norske programdokument

Framtidens Norge

Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon og Norsk Sjømannsforbund offentliggjorde i 1944 skriftet *Framtidens Norge*, som gjerne vart kalla "Blåboka" (utgjeve i Stockholm, ei ny, revidert utgåve kom i 1945). Ein stor del av dei 116 sidene i Blåboka gjaldt forsyningspolitikken og gjenreisninga av næringane. Elles vart både utanrikspolitikk og andre sider av innanrikspolitikken drøfta, i viss monn jamvel politikk på lang sikt.

Makroøkonomisk planlegging vart omtala på berre 2–3 sider, under overskriftene Arbeid for alle og Politisk og økonomisk demokrati. I det første avsnittet vart det hevda at det fremste vilkåret for full sysselsetting "er at hele det økonomiske liv blir ledet etter en nasjonal plan, som direkte er kontrollert, stimulert og dirigert fra samfunnsmessige organer". I det andre avsnittet heiter det: "Den naturlige løsningen er at all økonomisk virksomhet organiseres etter landsomfattende næringer". Næringsorganisasjonane skulle underordnast eit Statens Råd for Næringslivet som "må få til sin rådighet et Statens Plankontor som samordner planene for

næringene til en fellesplan for hele det økonomiske liv. Denne planen må inneholde forslag til en fordeling av arbeidskraft og råstoffer, drivstoffer og kreditt mellom de enkelte næringer”.

Den nasjonale planen skulle tydelegvis ha eit vidare innhald enn fellesplanen, for grunngevinga var at det trongs ”en plan og den nødvendige kontroll over finanser, priser, lønninger og arbeidskraft”. Det står ikkje noko i Blåboka om kva statsorgan som skulle ha ansvaret for den nasjonale planen.

Arbeid for alle

Snau tre veker etter frigjeringa vedtok landsstyret for Arbeidarpartiet eit førebels arbeidsprogram for overgangstida etter krigen, som vart utarbeidd på 4–5 dagar av eit utval der Trygve Bratteli, Olav Larsen, Åke Ording og Olav Solumsmoen var med. Når det kunne bli ferdig på så kort tid, var det fordi det i tillegg til Blåboka lå føre programutkast frå partifolk på Grini og i Oranienburg og frå partigrupper i Oslo, London og Stockholm.

Dette ”Mai-programmet”, som vart trykt i brosjyra *Arbeid for alle*, gjekk i 15 punkt inn på rettslege spørsmål, full sysselsetting, gjenreising og organisering av næringslivet, finanspolitikk, næringspolitikk, løns- og sosialpolitikk, vitskap og utdanning, utanrikspolitikk, forsvar og forvaltning. Snau ei halv av 18 sider vart ofra på makroøkonomisk planlegging. I punktet om finanspolitikken vart det tilrådd eit nasjonalbudsjett, som skulle ”vise hvordan landets produktive ressurser kan nyttas fullt ut og hvordan nasjonalinntekten skal fordeles på forbruk og investering”. Nasjonalbudsjettet skulle setjast opp ”ved siden av de vanlige budsjetter”, som skulle ”avpasses etter konjunktursituasjonen med sikte på at de private og offentlige utlegg til sammen er tilstrekkelige for å sikre arbeid for alle”. Dette minner litt om den nasjonale planen i Blåboka, men framlegget om eit nasjonalbudsjett hadde meir konkret innhald. Formuleringane liknar derimot mye på framstillinga om nasjonalbudsjettet i boka til Beveridge.

I tillegg skulle det straks bli utarbeidd ”oversikt over hva landet trenger av foretagender i forskjellige bransjer. På dette grunnlag utarbeides det en landsplan for norsk næringsliv”. Denne ”landsplanen” svarar til ”fellesplanen” i Blåboka. Eit ”samordningsråd for sentraladministrasjonen og

næringene for hele landet” skulle utarbeide landsplanen i samarbeid med bransjeutval for dei einskilde næringane. Samordningsrådet svarar til ”Statens Råd for Næringslivet” i Blåboka.

Ein del av dei programutkasta som låg føre då Mai-utkastet skulle lagast, er framleis å finne i Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek, i ein boks med dokument gjeve av Åke Anker Ordning. Men dei fleste er korkje datert eller signert, så det er vanskeleg eller umogleg å vite kven som har laga dei og når dei vart laga. Det gjeld såleis eit utkast med framlegg om å stille opp eit ”folkehusholdningsbudsjett over arbeidskraften og produksjonsmidlene som viser deres aktuelle fordeling på yrker og næringer og som gir grunnlag for en kalkyle om deres fremtidige anvendelse”. Målet skulle vere full sysselsetting. Det heiter nemleg at ”Staten og kommunene i samarbeid med de private, forbereder tiltak som sikrer at summen av de offentlige og private tiltak til enhver tid er tilstrekkelig til å skape full beskjeftigelse”. I eit anna såkalla ”Utkast til regjeringserklæring” heiter det at ”Der oppstilles et folkehusholdningsbudsjett for anvendelse av arbeidskraft og produksjonsmidler og fordeling av produksjonsresultatet på en slik måte at forbruket svarer til produksjonsmulighetene”. På første sida av dette dokumentet står ordet London. Det kan tyde på at det vart utforma i London før frigjeringa. Elles er det verd å merke at innhaldet ikkje er uttrykt i nasjonalrekneskapsomgrep, slik som seinare i Mai-programmet.

Arbeid og trygge kår for alle

Samstundes med at landsstyret for Arbeidarpartiet vedtok Mai-programmet, gjorde det vedtak om å arbeide vidare på eit endeleg arbeidsprogram som skulle leggjast fram for landsmøtet til hausten. Kort tid etter vart det nedsett ein programkomite og ni arbeidsutval, mellom anna eit for økonomisk politikk, som fekk Erik Brofoss, Hans Hegg, Stein Rossen og Johan Vogt som medlemmer.

Før det endelege programmet var ferdig, vart det offentleggjort retningslinjer for den økonomiske politikken, i ei brosjyre med tittelen *Arbeid og trygge kår for alle*. Her heiter det at ”Ved siden av det egentlige statsbudsjett må det stilles opp et folkehusholdningsbudsjett... hvor nasjonalinntekten og dens anvendelse er av de viktigste poster og den arbeidsføre del av befolkningen det viktigste aktivum”. Dette budsjettet

”må vidare utbygges således at en da ser hvorledes nasjonalinntekten fordeler seg på lønninger og andre inntektsformer og på inntektenes anvendelse”. ”Folkehusholdningsbudsjettet” svarar såleis til ”nasjonalbudsjettet” slik det vart definert i brosjyra *Arbeid for alle*, men skulle i tillegg syne ei inntektsfordeling. Målet for den økonomiske politikken skulle vere det same: ”En må søke å beregne størrelsen av den private investering og det private forbruk, og den påregnelige differanse som blir tilbake mellom denne inntektsanvendelse og den som er nødvendig for å sikre full sysselsetting, må da dekkes av staten og kommunene ved deres tiltak”. Formuleringa kan seiast å vere ei forenkla omsetting til norsk av tilsvarande avsnitt i Beveridge (1944). Elles skulle budsjettet setjast opp i ”samarbeid med et konjunkturforskningsinstitutt som opprettes i tilknytning til det Statistiske Centralbyrå”.

I eit avsnitt om Utbyggingen av næringslivet heiter det: ”Det må under ledelse av vedkommende fagdepartement i samarbeid med bransjeutvalgene utarbeides planer for hver næring bygget på oppgaver fra de enkelte bedrifter over deres muligheter for vidare utbygging. Disse planer samarbeides i en helhetsplan”. Denne ”helhetsplanen” svarar til ”fellesplanen” i Blåboka og ”landsplanen” i brosjyra *Arbeid for alle*. Det nye er at både dei ymse departement og næringslivet skulle delta i planlegginga.

Arbeidsprogram

Det endelege programmet for Arbeidarpartiet, som fekk tittelen *Arbeidsprogram* og som vart vedteke på landsmøtet hausten 1945, var meir omfattande enn Mai-programmet (30 sider). Særleg næringspolitikken vart det ofra meir plass på. Bustad- og edruskapspolitikk vart teke med som nye saker, men elles var innhaldet stort sett det same.

I dette programmet vart det tilrådd eit ”folkehusholdningsbudsjett” med eit innhald definert så seie ordrett slik som i brosjyra *Arbeid og trygge kår for alle*: ”Det skal vise nasjonalinntekten, hvordan den fordeler seg på lønninger og andre inntektsformer, og på forbruk og investering”. Målet skulle vere å trygge full sysselsetting slik som i dei tidlegare programdokumenta.

Alle programdokumenta bygde såleis på føresetnaden om at det ville bli for liten etterspurnad til at dette målet kunne bli nådd, såframt staten ikkje sytte for å eliminere etterspurnadsunderskottet. Nasjonalbudsjettet

skulle vere eit hjelpemiddel til dette. Men det endelege arbeidsprogrammet hadde òg formuleringar som tyder på at det for den første etterkrigstida vart rekna med etterspurnadsoverskott. Det vart nemleg tilrådd at gjenreisinga av kapitalutstyret skulle skje etter "en helhetsplan som innpasser i planen for å utbygge den økonomiske virksomhet på lengre sikt", og at det skulle stillast opp "en plan som viser i hvilken rekkefølge arbeidene skal fremmes, og når en i hovudtrekk kan regne med at gjenoppbyggingen blir ferdig". Dessutan vart det tilrådd ein "felles plan" som "Hele vår nærings-, sosial-, penge- og finanspolitikk må ordnes inn under ..." Her som i dei to tidlegare programdokumenta, vart det såleis nemnt planar som var vagt definerte og som ikkje vart sett i samband med nasjonalbudsjettet.

Fråsegn til Stortinget

I fråsegna til Stortinget den 11. desember 1945, varsla den første arbeidarpartiregjerings etter krigen at det ved sida av det ordinære statsbudsjettet ville bli "utarbeidet et nasjonalbudsjett som viser nasjonalinntektens størrelse, fordeling og anvendelse, og realøkonomiske budsjetter for den fremtidige disponering av arbeidskraft, råvarer og produksjonsmidler".

Innhaldet i nasjonalbudsjettet skulle såleis vere det same som tilrådd i "Arbeidsprogram". Men tilføyings om realøkonomiske budsjett var noko nytt og vart truleg gjort fordi det vart teke sikte på eit anna mål, nemleg "å lede gjenreisingen av landets produksjon og av folkets arbeidskraft, helse og levestandard..." For å nå dette målet ville regjeringa "handle etter en samlet økonomisk plan som sikrer at oppgavene tas i riktig rekkefølge, og at hele vår produktive evne blir satt inn i et rasjonelt økonomisk samvirke". Denne formuleringa, som delvis er henta frå arbeidsprogrammet, tyder på at det heller ikkje no var klårt korleis sambandet skulle vere mellom nasjonalbudsjettet og andre planar som var nemnde.

Då regjeringsfråsegna vart lagt fram, var arbeidet med det første nasjonalbudsjettet alt i gang. Den 30. november hadde det vorte gjort vedtak i statsråd om oppretting av Det pengepolitiske kontor i Finansdepartementet, og dagen etter byrja eg som byråsjef for dette kontoret. Etter statsrådsvedtaket skulle kontoret, som ei av fire oppgåver, ha "analyse av hvorledes de offentlige budsjetter (først og fremst statsbudsjettet) virker på hele samfunnsøkonomien". Det ville "i første rekke bli spørsmål om, i

samarbeid med Det statistiske sentralbyrå, å legge grunnlaget for et kontinuerlig *nasjonalregnskap og nasjonalbudsjett,...*” Dette tyder på at kontoret ikkje var tiltenkt ansvaret for dei realøkonomiske budsjetta. Det har elles ikkje lykkast å finne ut korfor tilføyinga om desse vart gjort, berre 11 dagar etter statsrådsvedtaket. Slike budsjett var ikkje nemnde i noko programdokument for Arbeidarpartiet og heller ikkje i statsrådsvedtaket om Det pengepolitiske kontor. Vi må kunne gå ut frå at det var finansminister Erik Brofoss som fekk med tilføyinga, men motivet hans for det, har det ikkje vore mogleg å etterspore.

3. Dei to første nasjonalbudsjetta¹⁾

Nasjonalbudsjettet for 1946 og 1946–1950

Hovudformålet med dette første nasjonalbudsjettet, som vart offentleggjort i februar 1946, var å syne at gjenreisinga kravde både store importoverskott og sterkt atterhald med å auke privat og offentleg konsum. Importoverskott ville vere naudsynt jamvel om konsumet auka moderat såfram realkapitalen skulle kunne gjenreisast så snøgg som ønska. For det tidsromet dette budsjettet gjaldt, vart full sysselsetting ikkje sett på som vanskeleg å få til.

Problemstillinga vart henta frå boka *Hva krigen kostet Norge* (Aukrust og Bjerve s. 301 og s. 304). Her var det lagt fram ein plan for penge- og finanspolitikken under overgangsåra etter krigen, som bygde på føresetnaden om at vi ”for de første 4–5 årene til sammen vil få et importoverskudd på ca. 3 milliarder kroner, jamvel om importen til konsumformål blir avgrenset så strengt som råd er”. Vidare vart det hevda at ”så lenge etterspørselsoverskuddet og inflasjonspresset gjør seg gjeldende, må det offentlige holde utgiftene så låge som det i det hele tatt er forsvarlig”.

Metoden som vart nytta ved utarbeidinga av nasjonalbudsjettet, var ei vidareføring av analysen av gjenreisingsproblemet i *Hva krigen kostet Norge*, der problemet vart drøfta ut frå ei definisjonslikning henta frå Økosirkssystemet: $\text{nasjonalprodukt} + \text{import} = \text{konsum} + \text{investering} + \text{eksport}$. Ut frå føresetnaden om at vi kunne rekne med eit importoverskott i åra framover, finansiert dels ved valutaeserver og dels ved lån,

¹⁾ Ei meir utførleg framstilling er gjeve i Bjerve (1988)

vart det konkludert at "importoverskuddet og vår egen produksjon vil på langt nær dekke alle behov for varer til konsum og gjenreising. Derfor står vi foran et viktig valg: hvilke behov skal vi fortrinnsvis dekke?" (Ibid s. 110f). Men dette valet kunne ikkje illustrerast ved ei talfesting av Øko-sirklikninga, for ein nasjonalrekneskap låg enno ikkje føre.

Då arbeidet med nasjonalbudsjettet byrja, hadde Statistisk Sentralbyrå talfesta definisjonslikninga for åra 1939 og 1943, og i samarbeid med Byrået kunne Det pengepolitiske kontor gjere tilsvarande overslag for 1944, der det vart skilt mellom offentleg og privat bruk av varer og tenester. På dette grunnlaget vart det så stilt opp nasjonalbudsjett for 1946 i tre alternativ og for 1946–50 i seks. For 1946-alternativa varierte offentleg bruk av varer og tenester og privat konsum ved gjeve importoverskott og for 1946–50-alternativa varierte offentleg bruk og importoverskottet ved gjeve privat konsum. Slik kunne verknadene av variasjonane på privat investering analyserast. Denne verknadsanalysen illustrerte såleis gjenreisingsproblemet numerisk. Når det første nasjonalbudsjettet kunne bli lagt fram for Stortinget så tidleg som i mars 1946, hang det elles saman med at det kunne byggje på ei framstilling om sysselsettingsproblemet som var langt på veg ferdig då arbeidet tok til (Bjerve, 1946).

Nasjonalbudsjettet for 1947

Det andre nasjonalbudsjettet var langt meir detaljert enn det første. Det hadde eit såkalla generalbudsjett med dei same postane som det første nasjonalbudsjettet, bortsett frå at offentleg bruk av varer og tenester vart splitta i offentleg konsum og offentleg investering. Vidare vart det for kvar post i generalbudsjettet laga særbudsjett, meir eller mindre grupperte etter næring og vareslag. Dessutan hadde nasjonalbudsjettet for 1947 detaljerte særbudsjett for valuta, arbeidskraft og byggjemateriale, som skulle vere konsistente med nasjonalbudsjettet elles.

Dette nye opplegget hang saman med at formålet var meir enn å talfeste ei problemstilling. Nasjonalbudsjettet skulle no vere eit program for den økonomiske politikken og mellom anna tene som middel til å samordne bruken av mengdereguleringane. Men særbudsjettet for arbeidskraft hadde først og fremst til formål å syne, ved talfesting av eit etterspurnadsoverskott, at det ville bli skort på denne produksjonsfaktoren.

Metoden for utarbeidinga vart òg endra. Det nye formålet kravde innhenting av detaljerte og standardiserte opplysningar frå dei fleste departement over planane deira for bruken av ressursar som departementa hadde større eller mindre innverknad på. Dette gjaldt mellom anna eksporten og importen, storparten av produksjonen og investeringane og konsumet av ei lang rad med varer. Desse planane vart samordna innanfor nasjonalbudsjettssystemet gjennom tingingar mellom Finansdepartementet og fagdepartementa.

Systemopplegget vart gjort av Det pengepolitiske kontor og fullført i august 1946. Då innhentinga av opplysningar tok til, fekk kontoret hjelp av direktør Klaus Sunnanå og Odd Gjelsvik i sekretariatet for Det økonomiske samordningsråd. Ut på hausten 1946 vart det òg skipa eit Nasjonalbudsjettutval med representantar for Finansdepartementet, Samordningsrådet, Statistisk Sentralbyrå, Arbeidsdirektoratet og fire fagdepartement. Fem av medlemene var personlege sekretærer for statsråden. I tillegg vart det for fleire departement oppnemnt kontaktmenn. Seinare vart det òg skipa eit Regjeringsutval for nasjonalbudsjettet 1947. Oppgåvene for Nasjonalbudsjettutvalet var 1) å førebu og gjennomføre den tekniske og organisatoriske samordninga av arbeidet med nasjonalbudsjettet og 2) å leggje til rette grunnlaget for dei politiske avgjerdene som Regjeringsutvalet skulle ta. I arbeidet med det andre nasjonalbudsjettet deltok det såleis mange fleire fagfolk enn ved utarbeidinga av det første, både sentralt og i dei fleste departement. Dessutan spela politikarar på toppnivå ei mye viktigare rolle.

4. Vurdering av opphavet til nasjonalbudsjettet

Faglege sider

Dei to første nasjonalbudsjetta hadde same namn, men var ulike både i innhald, formål og metode. Kvar av desse sidene må drøftast når ein skal vurdere i kva grad budsjetta var britisk inspirerte og hadde britiske førebilete.

Terminologien har kan hende opphav i Storbritannia. Der vart namnet nasjonalbudsjett ikkje nytta i regjeringsdokument, men som før nemnt, av William Beveridge som alternativ til "årleg økonomisk budsjett", og dette kan ha fått Åke Ording til å gå inn for det (trass i at han hadde

dokument der ”folkehusholdningsbudsjett var nytta). Tidlegare hadde professor Ragnar Frisch mynta namnet (Bjerve 1989, s. 58). I eit trykt norsk dokument vart namnet først nytta i Mai-programmet. Når forfattarane av dette sikkert kjente til namnet nasjonalrekneskap, kan dei ha funne det logisk å nytte ordet ”budsjett” om ei framskrivning av nasjonalrekneskapen. Dei trong ikkje noko førebilete for å kunne bli samde om det. Men opphavet til namnet let seg snauvt dokumentere.

Innhaldet av nasjonalbudsjettet var i Mai-programmet avgrensa til omgrepa nasjonalprodukt, konsum og investering. I det endelege arbeidsprogrammet skulle dessutan fordelinga av inntekt etter art vere med. Slik må regjeringsfråsegna òg tolkast. Denne tilføyinga, som kan stamme frå boka til Beveridge, vart ikkje følgd opp i nokon av dei to nasjonalbudsjetta som regjeringa seinare la fram. Nasjonalbudsjettet for 1946 og 1946–1950 hadde dei same omgrepa som i Mai-programmet, bortsett frå at det skilte mellom offentleg og privat bruk av varer og tenester. Dette skillet vart henta frå den britiske nasjonalrekneskapen som vart tilgjengeleg sommaren 1945.

Det første nasjonalbudsjettet bygde på føresetnaden om at Norge kunne få lånt nok i utlandet til å finansiere dei importoverskotta som gjenreisinga ville skape. Dette var ein viktig skilnad frå dei britiske analysane, der betalingsunderskottet andsynes utlandet vart sett i brennpunktet, medan omgrepet importoverskott ikkje vart nytta. Erik Brofoss var den første norske finansministeren som i Stortinget tok ”importoverskott” i sin munn. Tidlegare finansministrar hadde vore bekymra for underskott på ”betalingsbalansen”, utan å peike på ein mogleg føremonn ved å ha importoverskott.

Medan det første nasjonalbudsjettet hadde til formål å klårleggje kva krav ei snøgg gjenreising ville setje til storleiken av importoverskottet, det private konsumet og den offentlege bruken av varer og tenester, tok dei offisielle britiske analysane under krigen, som før nemnt, sikte på å talfeste etterspurnadsoverskottet. Ei slik talfesting vart det ikkje gjort freistnad på her i landet. Men omgrepet etterspurnadsoverskott vart nytta i verbale analysar av kjøpepresset både i Hva krigen kostet Norge og i det andre nasjonalbudsjettet. (I analysar av inflasjonsproblemet i Sverige derimot, der britisk litteratur var tilgjengeleg under krigen, vart det gjort freistnad på å talfeste etterspurnadsoverskottet.)

Når det i brosjyra Arbeid og trygge kår for alle vart tilrådd å talfeste eit

framtidig etterspurnadsunderskott, var denne måten å bruke nasjonalbudsjettet på den same som tilrådd av Beveridge. Men denne tilrådinga vart ikkje følgd opp i det første norske nasjonalbudsjettet som i staden vart nytta til verknadsanalyse. Det første nasjonalbudsjettet hadde delvis innhaldet i den britiske nasjonalrekneskapen som førebilete, og indirekte vart kan hende namnet nasjonalbudsjett henta frå boka til Beveridge, men formålet var ikkje britisk inspirert. Professor Nicholas Kaldor nytta verknadsanalyse i eit vedlegg til boka *Full Employment in a Free Society*, men det var ikkje kjent for Det pengepolitiske kontor (Beveridge s. 302). Dei viktigaste førebileta var Økosirkssystemet og analysen i *Hva krigen kostet Norge*.

Det andre nasjonalbudsjettet skilte seg i innhald, formål og metode endå meir enn det første frå dei britiske økonomiske utsyna frå krigsåra. Førebiletet var dels systemopplegget i ei bok om budsjettering i privat næringsliv og dels framgangsmåten ved utarbeidinga av statsbudsjettet (Bjerve 1989, s. 133). Dessutan vart Det pengepolitiske kontor tidleg kjent med at Forsynings- og gjenreisingsdepartementet nytta budsjettering, mellom anna som grunnlag for tildeling av import- og byggjemateriale, og at Arbeidsdirektoratet hadde utarbeidd eit arbeidskraftbudsjett for 1946 (utan å kjenne til det britiske arbeidet med tilsvarande budsjett).

Nasjonalbudsjettet 1947 minner mye om det britiske økonomiske utsynet som vart offentleggjort i februar 1947, like før det norske budsjettet. Det britiske dokumentet hadde eit langt mindre format, men innhaldet var særskilt likt. Det omfatta såleis budsjett for nasjonalproduktet og hovudkomponentane av det, for import og produksjon av viktige vareslag og for tilbodet og etterspurnaden etter arbeidskraft etter næring. Men dei som la opp det norske nasjonalbudsjettet, kjente ikkje til dette då opplegget vart utforma.

Ideen

Dei som laga utkast til program for Arbeidarpartiet, både under og like etter krigen, var lite konkrete i tilrådingane sine om planar av ulike slag. Det framlegget om eit "folkehusholdningsbudsjett" som Åke Ording truleg hadde med frå Storbritannia, representerte eit framsteg i så måte samanlikna med planformuleringane i Blåboka. Eit steg vidare vart gjort i Mai-programmet med framlegget om eit nasjonalbudsjett utforma som ei

framskriving av nasjonalproduktet og hovudkomponentane av det. Dette var ein viktig idé. Av dei som utforma Mai-programmet, var Ording sikkert den einaste som hadde studert den britiske sysselsettingsmeldinga frå 1944 og boka til Beveridge, og det kan ha vore han som lanserte både ideen og namnet. (Fellesprogrammet for dei politiske partia hadde ikkje noko framlegg om eit nasjonalbudsjett.)

Det var Erik Brofoss som førte ideen om ei framskriving av nasjonalrekneskapen ut i livet, og som til slutt avgjorde namnet. Han òg var sikkert godt kjent med både den britiske sysselsettingsmeldinga frå 1944 og boka til Beveridge. Han var såleis ikkje framand for ideen om eit nasjonalbudsjett då han i 1945 i røynda vart leiar av det økonomiske programutvalet for Arbeidarpartiet. Om samarbeidet i dette utvalet opplyser Stein Rossen i brev frå 30. november 1990 at eit programutkast frå Brofoss vart godkjent "uten nevneverdig diskusjon". Han meiner å hugse at utkastet "stort sett var i samsvar med de retningslinjer som hadde vært diskutert på Grini og i samband med boken *Hva krigen kostet Norge*". Rossen arbeidde med nasjonalrekneskap frå 1938 til 1941 som forskningsassistent for Frisch, og deretter i Statistisk Sentralbyrå fram til nyåret 1944, då han vart innsett på Grini.

Då arbeidet med nasjonalbudsjettet byrja, måtte ideen om nasjonalbudsjettet konkretiserast utan kjennskap til tilsvarende arbeid i Storbritannia og andre land, bortsett frå framskrivinga i Keynes (1940). Etter at Det pengepolitiske kontor først på 1946 fekk kontakt med svenske fagfolk og i september same året med britiske og nederlandske, vart det kjent med at utarbeidinga av nasjonalbudsjett ikkje var noko isolert norsk fenomen. Avsnittet om Formål og metode i stortingsmeldinga om nasjonalbudsjettet 1947, vart då òg innleidd slik: "I de siste par årene har regjeringene i en rekke land lagt fram mer eller mindre omfattende og detaljerte nasjonalbudsjett."

Det er elles ikkje så merkeleg at ideen til å planleggje ved hjelp av ei framskriving av nasjonalrekneskapen dukka opp samstundes i fleire land meir eller mindre uavhengig. Stoda låg til rette for det på fleire måtar. For det første hadde det i 1930-åra vorte gjort viktige framsteg i makroøkonomisk teori. For det andre hadde det under krigen vorte laga nasjonalrekneskap i det eine landet etter det andre. For det tredje hadde mange land etter krigen langt fleire økonomiske verkemiddel enn tidlegare, og bruken av dei, ikkje minst av mengdereguleringane, kravde planlegging

og samordning, som eit nasjonalbudsjett kunne brukast til. Dei første to framstega var naudsynte vilkår for at eit nasjonalbudsjett kunne la seg stille opp. Ei ønska samordning var tilstrekkeleg grunn til at eit slikt budsjett trongs. Dei landa som fann det formålstenleg å utarbeide nasjonalbudsjett av eit eller anna slag, kan difor ha fått ideen til det utan inspirasjon eller førebilete frå andre land. For dei som hadde nasjonalrekneskap, låg framskrivingsideen ”i lufta”.

Merkelegare er det at Brofoss i det økonomiske programutvalet for Arbeidarpartiet tydelegvis gjekk inn for namnet folkehusholdningsbudsjett, trass i at Mai-utvalet hadde nytta nasjonalbudsjett. Folkehusholdningsbudsjett nytta han òg i eit avisintervju like før han vart finansminister. Men kort tid etter skifta han altså meining, uvisst av kva grunn.

Politisk opphav

Under okkupasjonen vaks det etter kvart fram eit system av økonomiske verkemiddel, mellom anna prisregulering, import- og eksportregulering og rasjoneringsordningar av ulike slag, som gjorde ei omfattande direkte styring av økonomien mogleg. Som alt nemnt, vart det på nokre område òg utarbeidd budsjett for korleis desse verkemidla skulle brukast. Men på andre område vart bruken heller tilfelleleg og prega av at tildelinga av ressursar skjedde i samsvar med bruken før krigen. Budsjetta vart ikkje samordna innanfor eit system av omgrep for heile realøkonomien. Vi hadde med andre ord eit verkemiddelsystem utan eit tilsvarande planleggingsystem.

Eit planleggingsystem vart varsla i regjeringsfråsegna frå desember 1945. Den 29. januar 1946 gjorde regjeringa vedtak om at ”Utarbeidelsen av samordningsplanene for de økonomiske disposisjoner i gjenreisingsperioden foretas av Det økonomiske samordningsråd”. Disposisjonane gjaldt a) lengda av gjenreisingsperioden, b) reinvesteringane i realkapital frå førkrigstida, c) bruken av valuta og d) innordning av rasjoneringspolitikken i økonomisk politikk. Men det vart Finansdepartementet som utforma ”samordningsplanene”. Arbeidet med å planleggje slike planar byrja så snart det første nasjonalbudsjettet var ferdig i februar 1946, og i juni var eit systemopplegg for nasjonalbudsjettet 1947 ferdig (Bjerve 1989, s. 133–135). Finansminister Brofoss godkjente opplegget og sytte for at Det pengepolitiske kontor fekk naudsynt hjelp frå fagdepartementa

til å utarbeide særbudsjett og frå sekretariatet i Samordningsrådet til å samordne særbudsjetta innanfor generalbudsjettet (Bjerve 1989, s. 137–142). I slutten av februar 1947 vart stortingsmeldinga om det andre nasjonalbudsjettet vedteke i statsråd. Alt dette skjedde utan at noka endring av vedtaket frå januar 1946 er referert i regjeringsprotokollane for dette tidsromet, bortsett frå at det i protokollen frå 23. mars 1946 heiter: "Man vedtok å gi konsulent Bjerve i oppdrag å utarbeide skjema for oppsetting av investeringsprogram i de forskjellige departementer".

Nasjonalbudsjettet 1947 skulle vere eit hjelpemiddel til å avgrense etterspurnaden etter varer og tenester til tilbodet, til å prioritere ressursane innanfor denne avgrensinga og til å samordne bruken av verkemidla. I motsetnad til det gjeldande verkemiddelsystemet var hjelpemidlet meint som eit varig planleggingsystem. Dette går klårt fram på side 11 av stortingsmeldinga: "Populært gjør det seg ofte gjeldende den misforståelse at et programbudsjett bare har interesse i samfunn med direkte reguleringer. Dette er selvsagt ikke tilfelle. Omfanget av de reguleringsmidler som staten rår over, er ikke avgjørende for nytten av å stille opp program for den økonomiske politikken. Dette vil være nyttig i alle samfunn der staten i det hele tatt ønsker å føre en rasjonell økonomisk politikk, likegyldig hvilke midler den vil bruke. En annen sak er det at utformingen av budsjettet må rette seg etter de økonomisk-politiske midler som skal nyttes for å gjennomføre det".

Når det andre nasjonalbudsjettet fekk eit svært detaljert innhald, var det fordi samordninga av detaljerte reguleringar kravde det. Det gav snautt noko varsel om at desse reguleringane skulle bli varige. Opphavet til det andre nasjonalbudsjettet var såleis snautt noko ønske om eit nytt verkemiddelsystem, men om ei betre styring innanfor det systemet som rådde. Ei anna sak er at dei som den gongen meinte at omfattande direkte verkemiddel var naudsynte jamvel på lang sikt, fann at nasjonalbudsjettet for 1947 ville tene dette formålet (Bjerve 1989, s. 101–102).

Stortingsmeldinga om dette nasjonalbudsjettet hadde i del II ei framstilling om mål og middel i næringspolitikken, som kunne tolkast som varsel om at reguleringsystemet var meint å bli varig. Her vart det synt korleis dei ymse direkte reguleringane kunne påverke næringsutviklinga, utan at det vart nemnt noko om at dei skulle avviklast på lengre sikt. Tvert imot vart det mellom anna hevda at det "av næringspolitiske grunner ansees nødvendig innen en rimelig tid å få lovbestemmelser som gir

myndighet til flere organer til direkte regulering av den økonomiske virksomhet. Det vil snarest bli nedsatt en komité til å forberede en slik lovgivning” (s. 45). Det var denne komitéen som nokre år seinare kom med så vidtgående framlegg om direkte inngrep i økonomien at dei med rette kunne seiast å varsle eit *varig* detaljert verkemiddelsystem. Denne delen av stortingsmeldinga utgjorde likevel berre 34 av 132 sider. Resten gjaldt del I Formål og metode (14 sider) og del III om det talfesta nasjonalbudsjettet for 1947 (84 sider), og framstillinga her vart mønster for mange framtidige nasjonalbudsjett. Desse to delane varsla eit nytt planleggingssystem som var meint å bli varig.

Del II vart ført i pennen av Klaus Sunnanå. Framstillinga hans bygde på eit notat av Knut Getz Wold og referat frå drøftingar om næringspolitikken i Nasjonalbudsjettutvalet (Bjerve 1989 s. 140–141), men minner òg på fleire måter om innhaldet i programdokumenta for Arbeidarpartiet. Desse dokumenta var særmerkte ved framlegg om ei detaljert, direkte styring av økonomien, og bortsett frå nasjonalbudsjettet vart planar med ulike namn tilrådd utan at innhaldet, formålet og måten å utarbeide dei på, vart klårlagde. Jamvel orda planhushald og planøkonomi vart ofte brukt meir om regulering enn om planlegging.

Erik Brofoss gav fleire gonger uttrykk for sitt syn på verkemiddelsystemet. Som finansminister i 1947 sa han i Stortinget: ”Alt etter utviklingsforløpet vil snart direkte snart indirekte virkemidler være mest tjenlige”. Dette bar i seg at det administrative apparatet for desse verkemidla måtte bli halde ved lag. Kring 1950 hevda han at det administrative apparatet for importreguleringa ikkje burde bli avvikla etter at importen var frigjort, for det kunne bli bruk for det i tidsrom då importregulering var naudsynt for å kunne ha full sysselsetting. Han ville såleis ikkje ha *varig* regulering av utanrikshandelen. Men så seint som i 1952 gjekk han inn for å nytte einskilde andre mengdereguleringar jamvel på lang sikt, til dømes byggjeløyve (Bjerve 1989, s. 102). Når han seinare skifta syn, var det vel på grunn av både internasjonalt press og uheldige røymsler med mengdereguleringane seinare i 1950-åra (Bjerve 1959, s. 264).

Dei fleste fagfolka som var med på å utforme nasjonalbudsjettet for 1947, gjekk ut frå at mengdereguleringane ville bli avvikla etter ein overgangsperiode (Aukrust og Bjerve, s. 318). Dei meinte at det nye planleggingssystemet var naudsynt for denne perioden, men at det måtte bli justert i takt med avviklinga av mengdereguleringane. Dei såg ikkje

stortingsmeldinga om dette nasjonalbudsjettet som eit varsel om at det gjeldande verkemiddelsystemet skulle bli varig, slik mange politikarar i opposisjonspartia tolka meldinga. Det trur eg heller ikkje at dei fleste leiarane av Arbeidarpartiet gjorde, men Preben Munthe har sikkert rett i at "de toneangivende politikere" etter krigen meinte det ville bli naudsynt å ha fleire verkemiddel enn i 1930-åra når ein ønska å nå fleire mål.

REFERANSAR

- Arbeidsdirektoratet (1946): Arbeidskraften og gjenreisningen. Særutredning nr. 4. Oslo
- Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon og Norsk Sjømannsforbund (1944 og 1945): Framtidens Norge. Stockholm
- Aukrust, O. og Bjerve, P.J. (1945): Hva krigen kostet Norge. Dreyers Forlag. Oslo
- Beveridge, W.H. (1944): Full Employment in a Free Society. Macmillan and Co., Limited. London
- Bjerve, P.J. (1946): Sysselsettingsproblemet i de nærmeste årene framover. Særutredning nr. 2. Arbeidsdirektoratet. Oslo
- Bjerve, P.J. (1959): Planning in Norway 1947–1956. North-Holland Publishing Company. Amsterdam
- Bjerve, P.J. (1988): Dei to første nasjonalbudsjetta: Metode og administrativ framgangsmåte. Sosialøkonomen nr. 7 og 8. Oslo
- Bjerve, P.J. (1989): Økonomisk planlegging og politikk. Det Norske Samlaget. Oslo
- Cairncross, A. og Watts, N. (1989): The Economic Section 1939–1961. Routledge. London
- Clark, Colin (1937): National Income and Outlay. Macmillan and Co., Limited. London
- Det Norske Arbeiderparti (1945): Arbeiderpartiets retningslinjer for den økonomiske politikken. Oslo
- Det Norske Arbeiderparti (1945): Arbeid for alle. Oslo
- Det Norske Arbeiderparti (1945): Arbeidsprogram. Oslo
- Finans- og tolldepartementet (1946): Nasjonalregnskapet og nasjonalbudsjettet. Særskilt vedlegg nr. 11 til statsbudsjettet (1945–46). Oslo
- Finans- og tolldepartementet (1947): St.meld. nr. 10: Om nasjonalbudsjettet 1947. Oslo
- Keynes, J.M. (1940): How to Pay for the War. Macmillan and Co., Limited. London
- Minister of Reconstruction (May 1944): Employment Policy Cmd. 6527. London
- Prime Minister (February 1947): Economic Survey for 1947. Cmd. 7046. London
- Sayers, R.S. (1956): Financial Policy 1939–45. Her Majesty's Stationary Office and Longmans, Green and Co. London